



Dok. ref. 16/4068-5/FA - A22/RUNLAN

Dato: 02.01.2017

Vedtekter for skulefritidsordninga i Øygarden kommune pr. 01.01.17

§ 1 Lovverk

Skulefritidsordninga vert driven etter § 13.7 i Opplæringslova av 17.juli 1998 (med endringar pr. 1.august 2003 og 17.juni 2005) og dei retningsliner og krav som gjeld for tildeling av statstilskot.

§ 2 Definisjon og formål

Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og fritidstilbod før og etter den obligatoriske skuletida for alle elevar på 1.- 4.trinn. Barn på 5.- 7.trinn med særskilde behov, kan også søkja plass i skulefritidsordninga.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, sosial læring, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser. Vidare skal skulefritidsordninga gje barna omsorg og tilsyn. Barn med særskilde behov skal gjevast gode vilkår for utvikling. Skulen sine generelle mål gjeld også for skulefritidsordninga.

§ 3 Eigiar

Kommunen er eigiar av skulefritidsordninga.

§ 4 Styring og leiing

Utval for levekår er det politiske styringsorgan.

Einingsleiar har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for skulefritidsordninga ved den einskilde skulen.

Skulefritidsordninga bør ha eigen dagleg leiar.

Samarbeidsutvalet saman med dagleg leiar fungerer som styre for skulefritidsordninga.

Dersom skulen sitt foreldrearbeidsutval finn det ønskjeleg, kan samarbeidsutvalet supplerast med ein av foreldra som har barn i skulefritidsordninga. Denne representanten skal veljast blant foreldra i foreldremøte.

§ 5 Tilsynsmynde

Fylkesmannen i Hordaland fører tilsyn med skulefritidsordninga.

§ 6 Bemanning

Dagleg leiar skal ha pedagogisk utdanning eller utdanning som barnevernspedagog. Det kan gjevast dispensasjon frå dette kravet.

Rettleiande norm for bemanning i skulefritidsordninga er 12-14 barn pr. tilsett. Dette er ikkje til hinder for at det i kortare periodar av dagen kan vera fleire eller færre barn pr. tilsett.

For barn med særskilde behov og vanskar, vert det tilsett ekstrahjelp etter behov og sakkunnig vurdering. Einingsleiar tek endeleg avgjerd i vurdering av tal tilsette ved kvar SFO.

§ 7 Leike og opphaldsareal

Opphaldsrom og uteareal skal vera godkjent etter plan og bygningsloven, byggjeforskrifter, kommunehelsetenesta, arbeidsmiljølova, lov om produktkontroll og forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Basearealet skal vera minimum 2,5 m² pr elev. Som baseareal vert rekna innvendige opphaldsrom som er i fast bruk i heile opningstida i SFO. I tillegg bør skulefritidsordninga kunne disponera nødvendig tilstøytande klasserom og grupperom. Døme: Skulekjøkken, gymsal, aktivitetsrom. Barn med særskilde behov og vanskar skal ha tilgang til alle rom som skulefritidsordninga nyttar.

Kvar skulefritidsordning definerer sine uteområde utifrå dei lokale forholda.

Bygg og uteområde skal vera godkjente i h.h.t. miljøretta helsevern. Skulefritidsordninga er del av skulen sitt helse, miljø og tryggleiksansvar.

Det må vera telefon med eiga linje i SFO slik at foreldra kan nå personalet i opningstida.

§ 8 Inntak av barn

Søknadsfrist for hovudinntaket i skulefritidsordninga er 31.mars. Barn som får tildelt plass, har plassen til dei sluttar etter 4.trinn, eventuelt 7.trinn ved særskilde behov. Dersom ein ønskjer å slutta tidlegare, må det leverast skriftleg oppseiing innan 15.april.

§ 8.1 Kriterier for inntak

Barnet skal i regelen gå i skulefritidsordninga i den skulekrinsen / inn-taksområdet som barnet høyrer til.

Dersom det ved hovudinntaket kjem fleire søkjarar enn skulefritidsordninga har plass til, vert inntaket avgjort etter følgjande kriterier:

- Barn av eineforsørgjarar i arbeid utanfor heimen eller under utdanning, og som åleine fører tilsyn med barnet.
- Barn som har begge føresette i arbeid utanfor heimen eller er under utdanning.
- Barn som søker opphald under 10 timar, vert teke inn etter andre søkjarar.
- Yngre barn bør til ein viss grad gå føre eldre barn, men ein skal prøve å få til ei viss aldersspreiing.
- Barn med særskilde vanskar og behov kan få plass før andre søkjarar. Det er ein føresetnad at det ligg føre ei fagleg vurdering og ei tilråding om behov for plass i skulefritidsordninga.

§ 8.2 Inntaksperiodar

- Hovudinntak av barn skjer i vårsemesteret og gjeld frå starten av skuleåret.
- Inntak i skuleåret kan skje fortløpande dersom det er plass.
- Dersom plassen til eit barn vert sagt opp i skuleåret, er det 1 månads skriftleg oppseiingstid. Oppseiinga gjeld frå den 01. i kvar månad. Ved melding om oppseiing etter den 01., må betaling halde fram ut påbegynt termin + neste termin. Dersom oppseiinga skjer etter 01. april, må foreldrebetalinga halda fram ut skuleåret.
- Dersom det er plass, kan skulefritidsordninga ta imot barn for kortare periodar om det er særlege grunnar for det (sjukdom i heimen o. a).
- Auke eller reduksjon i opphaldstid i løpet av året må avtalast med dagleg leiar i god tid før endringa.
- Tilfeldige dagsopphald må avtalast med dagleg leiar i god tid, og seinast 2 dagar før det er aktuelt med plass.

§8.3 Inntaksmynde

- Leiar i skulefritidsordninga og einingsleiar tildeler plass.
- Utval for levekår er klageinstans.

I følgje forvaltningslova § 28 er fristen til å klage 3 veker frå det tidspunktet søkjar mottek vedtaket.

§ 9 Økonomi

Skulefritidsordninga skal finansierast gjennom statleg tilskot, kommunalt tilskot og eigenbetaling frå foreldra.

§ 9.1 Statleg tilskot

- Tilskotsattsane for skulefritidsordninga vert fastsett gjennom det årlege statsbudsjettet.
- 15 % av det tilskotsbeløpet som vert utbetalt til den einskilde kommune, skal gå til å styrke tilbodet til barn som treng særskild hjelp etter sakkunnig vurdering.

§ 9.2 Kommunalt tilskot

- Kommunen dekkjer alle utgifter til lokale, mellom anna husleige, lys, varme, reinhald og vaktmeister, utstyr, uteareal og dei administrative kostnadane.
- Meirutgifter til barn med særskilde behov og vanskar utover det statstilskotet dekkjer, vert dekka av kommunen.

§ 9.3 Opphald og foreldrebetaling

- Foreldrebetalinga skal vera med å dekkja kostnadane til løn for ordinært personale tilsett i skulefritidsordninga og driftskostnader til materiell og utstyr.
- Det er følgjande alternativ for opphald:
Opphald til kl.17.00 inklusiv morgonopphald, 1 – 5 dagar pr. veke
Opphald til kl.15.00 inklusiv morgonopphald, 1 – 5 dagar pr. veke
Opphald til kl.17.00 utan morgonopphald, 1 – 5 dagar pr. veke
Opphald til kl.15.00 utan morgonopphald, 1 – 5 dagar pr. veke
Berre morgonopphald, 1 – 5 dagar pr. veke
- Betaling for drikke til fellesmåltidet kjem i tillegg til betaling for opphald.
- Det vert kravd foreldrebetaling for 10 terminar pr. år. Utanom dette vert det kravd ekstra betaling for opphald i skulen sine ferie- og fridagar, og for tilfeldig dagsopphald.
- Dersom barna vert henta for seint i SFO, må foreldra betala ei avgift for kvar påbegynte halvtime.
- Det vert kravd betaling for opphald etter dei betalingsattsane og retningslinene som til ei kvar tid er vedteke av kommunestyret.
- Dersom foreldre/føresette ikkje har betalt for opphaldet etter 2 purringar, vert barnet sagt opp og mister plassen i skulefritidsordninga.

§ 10 Måltid

Barna må ha med seg matpakke til fellesmåltidet. Det vert servert drikke.

§ 11 Opningstider

Samarbeidsutvalet fastset opningstida for den einskilde skulen. Maksimal opningstid for skulefritidsordninga er frå kl. 07.00 til 17.00.

Dersom det er påmeldt færre enn 3 barn ved den einskilde skulefritidsordninga i samband med skulen sine feriar og fridagar, kan barna verta samla på ein – eventuelt to SFO-avdelingar i kommunen. Ved færre enn 5 barn påmeldt totalt i kommunen, vil skulefritidsordninga halda stengt.

Skulefritidsordninga held ope kvardagar frå måndag til fredag heile året med følgjande unntak:

- Julaftan, nyårsaftan og onsdag før skjærtorsdag
- 5 planleggings dagar pr. år i h.h.t. skulane og barnehagane sine planleggings dagar.

§ 12 Ferie

Borna skal ha 4 veker ferie, minimum 3 veker samanhengjande i tida 15. juni - 15. august. Den 4. veka kan avviklast samanhengjande i sommar, haust- eller vinterferie.

§ 13 Andre fråsegner

Styret for den einskilde skulefritidsordninga kan vedta praktiske retningsliner, rutinar og reglar dersom desse ikkje er i strid med vedtektene eller sentralt gjevne føresegner.

§ 14 Delegasjon

Rådmannen kan delegera administrative fullmakter gjevne i desse vedtektene.

Vedteke av Uval for levekår 05.12.16